

Innsamling av nolevande folkemusikktradisjon i Hardanger i spel, dans og song

(pr. 1.09.2017)

PROSJEKTBEKRIVELSE

Tema og bakgrunn

Hardingfela og folkemusikken er og har alltid vore ein viktig del av kulturen i Hardanger. Den eldste hardingfela i Norge, Jåstadfela datert 1651, er laga her. På 1700-talet var Isak og Trond Botnen felemakarar som laga instrument både for den norske og internasjonale marknaden. I vår tid er Håvard Kvandal, Anders Åsen og Olav Vindal kjend som svært gode felemakarar. Dei tidlegaste spelemennene me kjenner til i Hardanger er og frå 1600-talet, som Anved Prestgarden i Granvin, og Ola Hildal i Odda. På 1800-talet var Ola Håstabø, Per Bulko og Lars Røynstrand kjende namn. Halldor Meland (1884-1972) var stilskapar, komponist og læremeister for ein heil generasjon etter seg, til dømes Anders Kjerland. I vår tid er namn som Frank Rolland, Alexander A. Røynstrand, Knut Hamre, Benedicte Maurseth og Anlaug Børsheim folkemusikarar på heiltid, som yrke.

Folkemusikk har hatt aukande interesse dei siste 25 åra og det er mange dyktige utøvarar som har gjort seg gjeldande både lokalt og i nasjonal samanheng. Det er soleis ein rik folkemusikktradisjon i Hardanger som stadig vert utøvd, men som og er i stadig utvikling og endring. Det vil difor vera av stor betydning å dokumentera folkemusikk slik den no vert utøvd i Hardanger.

Hardanger Spelmanslag vart skipa 1948, og er ein viktig aktør for folkemusikken i Hardanger.

Hardanger Spelemanslag har tatt initiativ til eit dokumentasjonsprosjekt for å samla inn tradisjonsmateriale når det gjeld spel, song og dans. Det er mange år sidan det har vore samla inn tradisjonsmateriale i Hardanger. Når fleire av dei sentrale utøvarane no er 80 og 90 år, hastar det med å dokumentera den kunnskapen dei har og den tradisjonen dei står i. Folkemusikk endrar seg over tid og kvar generasjon og utøvar har sin påvirkning på form og utføring. For å forstå og nyttiggjera seg både endring og utvikling er det naudsynt å gjera dokumentasjon.

Alt innsamla materiale vil verta arkivert på Hardanger Folkemusikksamling og -arkiv på museet på Utne. Her er det tilsett arkivar, som vil ta hand om materiale og sikra oppbevaring og varig vern for ettertida innan ulik teknologi.

Sjølve dokumentasjonsarbeidet vil verta gjort av prosjektleiar i samråd med prosjektgruppa, som alle er kunnige folkemusikkutøvarar og svært interessert i at tradisjonen vert teken vare på.

For ettertida skal det vera mogleg å henta ut tradisjonsmateriale og framtidige utøvarar må kunna gje ut sine eigne tolkingar av folkemusikken.

Mål

Målsettinga er å dokumentera tradisjonen hjå den enkelte utøvar med opptak av lyd og video, intervju og musikalsk slik at både spel på hardingfele og trekkspel, dans og song vil bli tatt vare på. For å sikra opptak vil ein difor setja opp ein arbeidsplan for gjennomføring av opptak av dei eldste tradisjonsberarane først, og deretter gjera opptak av yngre generasjonar av utøvarar.

Styring og gjennomføring

Prosjektet er tenkt gjennomført med ei prosjektgruppe som tek ansvar for sjølve opptaka; Arne Jordan, Knut Hamre, Torkjell Lunde Børsheim, Benedicte Maurseth og Alexander Aga Røystrand. Desse vil også knytta til seg anna kompetanse der det trengst. Alexander A. Røystrand blir prosjektleiar i arbeidet og sekretær i arbeidsgruppa (sjå vedlagt organisasjonskart).

Styringsgruppe for heile prosjektet vert styret i Hardanger Spelemannslag (HSL), som er prosjekteigar og vil bli orientert undervegs i dokumentasjonsarbeidet. Benedicte Maurseth er HSL si utsending til Hardanger Folkemusikksamling og –arkiv (HFS), og kan vera prosjektet sin kontaktperson med orientering inn i det sistnemnte styret. Dette for å ha ein forenkla styringsmodell og sikra open kommunikasjon.

Rekneskapsfører vil vera kasserar i HSL, Torkjell Lunde Børsheim, som og mottok faktura frå dei ulike deltakarane i prosjektet.

Prosjektleder og prosjektgruppa vil arbeida etter ein oppsett arbeidsplan for gjennomføring (sjå vedlegg). Arbeidet vil starta i 2017 og halda fram med innsamling og dokumentasjon også i 2018 og 2019. Siste året vil prosjektet måtta prioritera rapportering og eventuell oppfølging. Rapporten skal leggjast fram for styret i Hardanger Spelemannslag, styret i Hardanger Folkemusikksamling og -arkiv og dei ulike kommunar, fond og stiftelsar som har gitt stønad til dokumentasjons prosjektet.

Pilotprosjekt

For å sikra ei god gjennomføring av prosjektet har Hardanger Spelemannslag gjort eit pilotprosjekt, der metodar og teknologi vert utprøvd både når det gjeld utøvarar innan spel, song og dans.

Tilskot og ymse stønad

For å finansiera dokumentasjonsprosjektet er det sett opp eit kostnadsoversyn og ein finansieringsplan. Det vert gitt stønad i form av eigenkapital og frivillig innsats frå HSL og HFS. I tillegg vert det søkt kommunar, fylke, fond og stiftingar om tilskot til prosjektet. Utgifter vil omfatta teknisk utstyr, drift, løn prosjektleiar og anna innleidd kompetanse som vert honorert og reisekostnader dekkja.

Teknologi

Utfordringa for innsamlinga vil vera rett utstyr til både opptak og lagring. Prosjektet har avtalt noko sambruk av utstyr med HFS, og i tillegg vert det søkt om investeringsmidlar til nødvendig utstyr.

Sikring og framtidig tilgang til materiale

Det er gjort avtale som sikrar framtidig lagring og bruk av innsamla materiale. Alle opptak vil bli tatt vare på i arkivet til Hardanger folkemusikksamling og -arkiv, som er lokalisert til museet på Utne. Her er tilsett kunnig arkivar som sikrar at materialet vert teke vare på for ettertida, og også vert lagt til rette for bruk. Reglane i Åndsverklova vil vera gjeldande for bruk av materiale.

Samarbeid

Innsamlingsprosjektet vil vera eit samarbeid mellom Hardanger Spelemannslag og Hardanger Folkemusikksamling og -arkiv. Hardanger Spelemannslag har tatt initiativ til prosjektet, er prosjekteigar og innsamlar. Hardanger Folkemusikksamling og -arkiv skal delta i prosjektet med sin arkivar og tekniske utstyr, og skal ta vare på materialet i arkivet. Alt innsamla materiale skal kunna nyttast av Hardanger Spelemannslag og andre utøvarar i Hardanger.